

# Verksemdsplan med lokale utviklingsmål for Toftøy skule 2018/19



## Verksemdsplan 2018 og utviklingsarbeid

Verksemdsplanen er eit overordna og samordnande plandokument for skulen og eit arbeidsverktøy for planarbeid, utviklingsarbeid og vurderingsarbeid. Planen er styringsdokument og retningsgjevande for den pedagogiske verksemda ved skulen.

### Skulen sin visjon er:

Å skapa tryggleik og god læring kvar dag for alle.

## 1. Generell del

Toftøy skule er ein av 4 barneskuler i Øygarden. Toftøy skule ligg sør i Øygarden og kringsrensa er avgrensa til øya Toftøy. Normalt elevtall for syv årstrinn varierar mellom 150 – 160 elevar. Med teljedato 1. mars 2018 har skulen 154 elevar og 8 klasser neste skuleår. Skulen består fysisk av «gamle bygget» frå 1964, «nybygget» frå 2007. Skulen ligg fint til med gode natur ressursar for aktivitet både knytta til sjø, skog og utmark. Like ved skulen vert det no og etablert ein ¼ av fullskala friidrettsanlegg som skulen vil kunne nytta.

Årsverk ved skulen vert gjeve i eit kommunalt direktiv med ressurstal/rametimetall og vil for 2018 utgjere:

- Administrativt personale: rektor, avd.leiar og sekretær tilsaman: 1,9 årsverk
- Pedagogisk personale: 12,9 årsverk
- Assistentar/fagarbeidar/ vernepleiar i skule og SFO med SFO leiar: 7,8 årsverk
- Tilsaman: 22,6 årsverk

## 2. Overordna

### Visjon og mål for kommunen

Me byggjer bruer mellom folk

Fokusområde: Brukarfokus, kompetanse og kvalitet Verdigrunnlag: Lojal, ærleg og raus

### 2.1 Overordna mål 2018 -2021

- Sikra berekraftig utvikling på alle område
- Betra levekåra for innbyggjarane

## **2.2 Tenestemål og styringsmål**

### **2.2.1 Om styringsmål og styringsverktøy Strategiar i Kommuneplanen for 2014-2022:**

- Nytt brukarundersøkingar som verktøy for å vurdere kvaliteten på tenestene

### **2.2.2 Tenestemål 2018 – 2021 generelt**

- Tenestene skal vera på minimum landsgjennomsnittet, slik resultat kjem fram i Kommunebarometeret, Betre kommune, Folkehelsebarometeret og KOSTRA
- Forbetra samhandling og koordinering på tvers av sektorar og einingar.

Kommunestyret fastset i budsjett og økonomiplan såkalla tenestemål som skal gjelda for alle skulane og utdanningsektoren spesifikt i kommunen.

#### **For 2018 er desse formulert slik for einingar, skule:**

- Alle lærarane skal praktisera undervegsvurdering i tråd med dei fire prinsippa i «Vurdering For Læring»
- Grunnskulepoenga skal liggja på landssnittet eller over.
- Gjennomsnittresultata på dei nasjonale prøvane skal liggja på landssnittet eller over.
- Andelen elevar på lågaste meistringsnivå på dei nasjonale prøvane skal liggja på landssnittet eller under.
- Andelen lærarar med universitets-/ høgskuleutdanning og pedagogisk utdanning skal liggja på landssnittet eller over.
- Trivsel i skulen og andelen elevar som opplever seg mobba, slik det vert målt i elevundersøkinga, skal liggja på landssnittet eller betre.
- Lærarar og assistentane i skule og SFO skal få opplæring i «De Utrolige Årene»
- Ein skal arbeida for at andelen elevar som har spesialundervisning ligg på landssnittet eller under.
- Antal elevar i SFO per årsverk skal liggja på landssnittet eller under.
- Tilsette må visa endringsvilje og ta på seg oppgåver i samband med etablering av nye Øygarden kommune.

#### **Felles styringsmål for skulane**

1. Sjukefråvær: Under 7% 2. Budsjett 100% eller mindre. 3. Medarbeidarundersøking: 4,6 samla sett

#### **Tenestemål for folkehelse gjeldande for skulen**

Skulen skal følgje Helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid

Skulen skal leggja til rette for 30 minutt fysisk aktivitet for alle elevar kvar dag.

### 3.0 Lokale målsetjingar

#### Elevane si læring og trivsel er det viktigaste !

- Toftøy skule skal vera ein lokal føregangsskule i digital undervisning som er pedagogisk grunna og forankra blant dei tilsette. Frå hausten 2018 tek alle klasser frå 3.- 7. klasse i bruk plattform G Suite for undervisning. Ut i frå denne plattform formidlast både lærestoff, oppgåver, undervisning knytta til skulen og anna kontakt med heimen. Elevar frå 5.- 7. får si eiga digitale eining, Chromebook, som dei kan nytta til skularbeid både heime og på skulen. Det kan verta naudsynt med foreldre opplæring i bruk av G Suite.

Om mogleg økonomisk får også 3.- 4. klasse dette. 1.- 2. trinn får nytta I pad og eit enklare læringsverktøy ( mogleg dette vert showbie) Skulen vil og nytta G Suite for lokal deling av ressursar på lærarnivå og på administrativt nivå. Det vert og oppretta ein interkommunal ressurside for den digitale satsinga i skulen.

- Toftøy skule skal og verta betre på begynnaropplæring i lesing, skriving og rekning. Dette skal skje både ved ein rettferdig og bevisst deling av tidleg innsats ressursar på mellomtrinnet 1.-4.trinn og ein tettare oppfølging når ein har registrert at nokon ikkje heng med. Så vidt mogleg skal ein unngå spesialundervisning der elevar blir trekt fast ut av klassen. Også i begynnaropplæringa vil ein og vurdera om meir digital satsing kan ha ein betre pedagogisk effekt.( tilpassa opplæring) Måleindikator for forbedring vil vera dei årlege lesetestane/reknetestane frå UDIR, NP og registreringar i verktøyet VOKAL
- Toftøy skule skal involvere elevane i eigen læring ved å nytte prinsippene frå VFL
- Toftøy skule skal ivareta eit godt og trygt psyko-sosialt miljø og god folkehelse ved å satse på mykje fysisk aktivitet og leik både i friminutt og i timane. I høve oppfølging av §9a vil Toftøy skule i ein evt. oppfølgingsak nytta UDIR sin plan som det ligg lenke til på heimesida. Toftøy skule skal ha fokus på god klasseleiing og gode relasjonar både i undervisning og mellom dei tilsette og foreldregruppa.
- Skulen skal og søkja å få til meir musisk og kreativ aktivitet i opplæringa.

#### Medarbeidarane er og viktig for å oppnå eit godt læringsmiljø

I visjonen til Toftøy står det at ein skal skapa tryggleik og god læring for alle. Dette gjeldt sjølvstøtt og medarbeidarane,dei tilsette.

- Leiarane ved skulen skal halde seg fagleg oppdaterte og vera utviklingsorientert. Dei skal stille krav til dei tilsette, men og høyra dei når dei strevar med utfordringar i opplæringa eller klasse miljøet. Ressursteamgruppa der minst ein i leiinga deltek skal vera ein hjelp i dette arbeidet.
- Dei tilsette ved skulen skal vera fagleg oppdaterte. Dei skal få høve til vidareutdanning gjennom statleg utdanningstipend, intern kursing, erfaringsutveksling og workshop arbeid. Dei tilsette må og på eige initiativ søke å

halde seg fagleg oppdatert både innanfor fag, pedagogikk og digital utvikling. Desse måla gjeld alle tilsette også dei som ikkje er pedagogar. Minstenivå for å arbeide i skulen framover vil verta fagopplæring tilsvarande barne og ungdomsarbeidar.

### **Kontakt med dei føresette og andre eksterne**

- Skulen held kvar haust eit felles foreldremøte. I tillegg vert det gjennomført klasseforeldremøter på haust og om ynskjeleg på våren. Nokon trinn held og temaforeldremøter, mellom anna om digitale mediar.
- Det er kontaktlærer som er primærkontakten ut mot dei føresette og i det daglege. Sjølvstøtt kan dei føresette og ta kontakt med leiinga ved skulen. Kontaktlærer skal to gonger i året, november og mai gjennomføre utviklingsamtaler med elev og føresette der prinsippa frå VFL er sentrale. «korleis verta betre og nå måla»
- Skulen nyttar SMS varsling ut mot alle føresette. Skulen har og ein eigen webside med informasjon om smått og stort som skjer. Skulen ved lærar kan og ha dialog med dei føresette gjennom eleven sin Google konto G Suite. Alle lekseplanar ol. vil verte formidla digitalt gjennom denne kontoen og ikkje på papir.
- Skulen vil i komande år ha eit samarbeid med høgskulen NLA om den digitale satsinga.
- FAU er ein viktig støttespiller for skulen og vi inviterer til samarbeid om alle positive saker for skulemiljøet og elevane.

Toftøy 15.mars 2018

Arne P Solberg